

FAU Danielsen Ungdomsskule Osterøy v/Anna Karina Bognøy, 10.02.2026

På vegne av FAU ved Danielsen Ungdomsskule Osterøy ønskjer me å koma med ei uttale til arbeidet med framtidens skule.

Ved vår skule har me eit stort mangfald i elev- og foreldregrupper. Dette gjeld alt frå kultur, religion, økonomi, politikk og geografi. Me opplever at elevane er ein viktig del av eit fellesskap på tvers av alle ulikskapar. I klassane går det elevar som òg er svært ulike med tanke på modning, fagleg interesse og personlighet. Her får elevar erfare inkludering i praksis, og møter mange som er heilt ulike seg sjølv kvar einaste dag.

Vår skule er ein liten skule med under 100 elevar frå mange ulike bygder. Elevane opplever den rikdommen det er å kunne bygga relasjonar til elevar frå andre årstrinn, i tillegg til elevar som ikkje bur i nabolaget sitt.

Me stiller oss svært kritiske til at vår friskule ikkje vert rekna som ein del av Fellesskuleomgrepet, men vert utsatt for eit ugrunna narrativ om at vår skule ikkje bidrar til det varierte skulefellesskapet i landet vårt.

Me oppfordrar Fellesskuleutvalet til å inkludera friskulane i det viktige arbeidet med å bygga den gode norske skulen for framtida.

Beste helsing FAU ved Danielsen Ungdomsskule Osterøy